



SOGN OG FJORDANE SKOGEIGARLAG BA

<http://sfskog.no>

Postadresse: Boks 185, 6801 FØRDE
Kontoradresse: Hafstadgården, FØRDE
Telefon: 57 72 32 80
Telefax: 57 72 32 88
Føretaksregisteret: 989 050 605
Bankgiro: 3700.05.12916
Dykkar ref.:
Vår ref.:

Dato: 16.02.2010

TILBOD OM ANDELSTEIKNING I SOGN OG FJORDANE SKOGEIGARLAG BA

Etter grundig handsaming i alle lokallaga vedtok årsmøtet i Sogn og Fjordane Skogeigarlag i 2005 å omdanne laget frå ein medlemsorganisasjon til eit andelslag med skogeigarar i Sogn og Fjordane som eigarar. Omdanninga skjedde som planlagt pr. 01.01.06, og drifta av skogeigarlaget går no i regi av det nye selskapet.

Bak omdanninga låg ei grundig vurdering av korleis skogeigarsamvirket skal byggjast opp for å skape størst mogleg nytte for medlemene. Og ikkje minst i vår kyst- og fjordregion, korleis byggje eit samvirke som er best mogleg rusta til å møte framtidige utfordringar.

Andelsinnskot

Alle som vil bli medeigarar i andelslaget må betale inn eit andelsinnskot. Men som du ser nedanfor kan dette skje over lang tid og ved trekk i oppgjeret når du leverer tømmer. Kvar andel er på 1.500 kr. Når andelsinnskotet er fullt innbetalt skal kvar skogeigar ha andelar tilsvarande ein andel pr. påbegynt 100 dekar produktivt skogareal. Ingen skal likevel ha meir enn 20 andelar, og ingen mindre enn 3.

Innbetaling av andelsinnskotet

Andelsinnskotet skal gjerast opp ved 3% trekk i det brutto virkesoppgjeret for sal gjennom andelslaget, inntil fastsett samla andelsinnskot er innbetalt. Om du ynskjer det, kan du betale inn kontant i staden, i form av eingongsbeløp eller ved årlege innbetalningar. Dersom andelsinnskotet ikkje er fullt innbetalt 30 år etter innmelding, skal restbeløpet innbetalast kontant. *Du har ikkje stemmerett eller andre rettar i andelslaget før det er påbegynt innbetaling av andelskapital.* Viss du ikkje reknar med å levere tømmer med det fyrste, kan det difor vere lurt å betale inn ein rund sum som eit start-innskot. Noter i så fall dette i merknadsrubrikken på svarskjemaet.

Avgrensa ansvar

Selskapet får etter vedtektene sine eit avgrensa ansvar. Dette betyr at du som medlem får ansvar avgrensa til den til ei kvar tid innbetalte andelskapital.

Utmelding og tilbakebetaling av andelskapital

Du kan melde deg ut av andelslaget når du måtte ynskje det. Andelsinnskotet forfell då til utbetaling med 1/5 pr. år etter motteken utmelding. Ved sal eller anna overdraging av eigedom, forfell andelskapitalen i sin heilskap 2 månader etter handsaming av skogeigarlaget sin rekneskap for det aktuelle året. Ved eigarskifte innan familien kan andelane overdragast til ny eigar.

Fordelar som andelseigar

Som andelseigar får du vere med på å bestemme framtida for skogsamvirket og for din eigen skog. Avvirkningsavgifta på 5% av tømmerverdien fell bort, samtidig som det vert innført eit trekk på 3% for å byggje opp andelsinnskotet ditt. Men andelskapitalen er dine egne pengar, som du får med deg når du går ut av andelslaget. Skogeigarlaget vil omsetje tømmer også for dei som ikkje vil vere andelseigarar, men for desse vil det framleis vere ei avvirkningsavgift på 3%.

Fagblada våre

Alle medlemmene i Sogn og Fjordane Skogeigarlag har fått tilsendt skogeigarlaget sitt medlemsblad og fagblada Skogeieren og Vestlandsk Landbruk og har betalt ein fagbladkontingent for denne informasjonen. Vi legg til grunn at andelseigarane i Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA har same trong for faginformatjon. Vi vidarefører difor ordninga med utsending av fagblad og held fram med å sende fagblada til andelseigarane viss vi ikkje får melding om andre ynskje.

Vedtekter

Dersom du ynskjer fleire opplysningar om organisasjonen, kan du studere vedtektene til Sogn og Fjordane Skogeigariag BA. Desse finn du på internett under <http://sfskog.no>, eller du kan få dei tilsendt frå skogeigarlaget sitt kontor.

Utrekning av andelsinnskotet

Storleiken på andelsinnskotet ditt vil som nemnt avhenge av det produktive skogarealet på eigedomen din. På svararket må du fylle ut kommunen der skogen ligg, gardsnummer, bruksnummer og produktivt skogareal. Før opp fleire linjer viss du har fleire bruk. Dersom du ikkje finn skogarealet, kan du sende inn utan areal. Vi vil så slå opp i jordregisteret. Sjekk også at vi har brukt rett namn og adresse på brevet og svararket.

Med helsing
Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA

Atle Gimmestad

Andelsteikning i Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA

Retur til Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA

Namn:	Poststad:		Leverandømr. i skogeigarlaget:
Kommune:	Gardsnr:	Bruksnr:	Areal i dekar:
Merknader/utfyllande opplysningar:			

Underteikna teiknar seg for andelar i Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA i samsvar med oppsettet ovanfor og informasjon i brev motteke saman med dette.

Stad

Dato

Underskrift